

Møteinnkalling

Utvalg: **Arbeidsutval - Nasjonalparkstyret for Reinheimen**
Møtested: E-post
Dato: 13.01.2014
Tidspunkt: 11:00

Eventuelt forfall må meldes snarest på tlf. 91161458.

Frist for votering via e-post: Måndag 13.01.14, kl. 11:00.

Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
	(Ingen tittel)		
PS 1/2014	Reinheimen - motorferdsel - Villreinutvalget for Ottadalsområdet		2014/143
PS 2/2014	Reinheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Motorferdsel - 2014-2018 - Transport med snøscooter av utstyr, plassering av saltstein m.m. - Lesjaskog beitelag		2014/110
PS 3/2014	Reinheimen nasjonalpark - dispensasjon for bruk av snøskuter til transport av ved og saltstein m.m. til Vålåvatnet - Geir Kornkveen		2014/141
PS 4/2014	Reinheimen nasjonalpark; Lordalen landskapsvernområde - bruk av snøskuter for frakt av ved og saltstein m.m. til Ryggjehøe - Geir Kornkveen		2014/142

Arkivsaksnr: 2014/143-0

Sakshandsamar: Trond Stensby

Dato: 09.01.2014

Utval	Utvalssak	Møtedato
Arbeidsutval - Nasjonalparkstyret for Reinheimen	1/2014	13.01.2014

Reinheimen - motorferdsel - Villreinutvalget for Ottadalsområdet

Forvaltar si innstilling

A.

Med heimel i verneforskrifta for Reinheimen nasjonalpark, § 3, pkt 6.3 e) får Villreinutvalget for Ottadalsområdet dispensasjon for flyging under 300 m i samband med teljing av villrein.

Vilkår:

1. Dispensasjonen gjeld for år 2014, 2015, 2016 og 2017.
2. Dispensasjonen gjeld for inntil tre turar kvart år.
3. Flyginga skal samordnast med Statens Naturoppsyn sine registreringsoppgåver i Reinheimen, og lokalt SNO skal varslast før kvar tur.
4. Motorferdsla skal skje innan 20. april kvart år.
5. Det skal førast køyrebok, og kopi av køyreboka skal sendast nasjonalparkstyret innan 1. juni kvart år.

B.

Med heimel i naturmangfaldlova § 48 får Villreinutvalget for Ottadalsområdet dispensasjon frå verneforskriftene for

- Reinheimen nasjonalpark
- Tafjorden Reindalen landskapsvernområde
- Trollstigen landskapsvernområde
- Romsdalen landskapsvernområde
- Lordalen landskapsvernområde
- Finndalen landskapsvernområde
- Ottadalen landskapsvernområde
- Brettingsmoen naturreservat,

for bruk av snøskuter til supplerande teljingar av villrein.

Vilkår:

1. Dispensasjonen gjeld for år 2014, 2015, 2016 og 2017.
2. Dispensasjonen gjeld for inntil fem turer kvart år.
3. Motorferdsla skal skje innan 20. april kvart år.
4. Motorferdsla skal samordnast med Statens Naturoppsyn (SNO) sine registreringsoppgåver i Reinheimen, og lokalt SNO skal varslast før kvar tur.
5. Det skal førast køyrebok, og kopi av køyreboka skal sendast nasjonalparkstyret innan 5. juni kvart år.

Saksopplysningar

Villreinutvalget for Ottadalsområdet har i brev dagsett 29.01.13 søkt om følgjande:
«Ottadalen villreinutvalg viser til tidlige gitte dispensasjoner til bruk av snøscooter og fly i Reinheimen verneområde, Breheimen verneområde og Geiranger/Herdal verneområde.

Villreinutvalget har siden villreinområdet ble etablert, utført/hatt som oppgave å utføre tellinger av villreinstammene. I tillegg har villreinutvalget de siste årene påtatt seg å organisere og delta i registreringen av villreinens områdebruk. Til disse oppgavene brukes snøscooter og småfly/helikopter. Villreinutvalget har som praksis å samordne turene med Statens naturoppsyn (SNO) vedrørende bla. ulike registreringer og generelle oppsynsturer. Her deltar både SNO personell og Villreinutvalgets naturoppsyn.

Med utgangspunkt i verneforskriftene søker villreinutvalget om løyve/dispensasjon til å bruke snøscooter, småfly eller helikopter til å gjennomføre sine forvaltnings- og registreringsoppgaver i Reinheimen verneområde og Breheimen verneområde. Utvalget søker også om at løyvet/dispensasjonen gjelder kalvetelling fra fly, som NINA utfører på vegne av villreinutvalget.

Antall turer er vanskelig å bestemme på forhånd, for eksempel kan en vellykket tur med fly kompensere for flere turer med snøscooter. Snøscooterkjøringen og registreringsarbeidet vil bli gjennomført av person(er) som er tildelt begrenset politimyndighet(BPM) som naturoppsyn – og turene vil skje når værforholdene tilsier at villreinflokkene kan registreres på langt hold, slik at dyrene unngår unødig forstyrrelser.

Tilbakemelding for 2013: Det vises til innleverte rapporter fra SNO, som viser flyrute på kart – samt plott der villreinflokkene ble observert/registrert. Ingen kjøring med snøscooter i 2013.

Likeledes vil kommunene og forvaltningsmyndighetene årlig få tilsendt en prosjektrapport om villreinens områdebruk i Ottadalsområdet. Som tidligere år er villreinutvalget innstilt på å gi informasjon om reinens tilhold til ulike brukergrupper i Reinheimen og Breheimen mv.»

Vurdering

Det blir søkt om bruk av snøskuter og luftfarty (flyging under 300 m over bakkenivå) i følgjande verneområde, og med aktuelle føresegner i dei høvesvise verneforskriftene:

Verneområde	Luftfartyg	Snøskuter
Reinheimen nasjonalpark	§ 3, pkt 6.3 e	Naturmangfaldlova

Tafjorden Reindalen landskapsvernområde	-	§ 48
Trollstigen landskapsvernområde	-	
Romsdalen landskapsvernområde	-	
Lordalen landskapsvernområde	-	
Finndalen landskapsvernområde	-	
Ottadalen landskapsvernområde	-	
Brettingsmoen landskapsvernområde.	-	

Teljing av villreinflokkane skjer ved fotografering frå fly eller helikopter, og seinare analyse av bileta. Det er ikkje behov for landingar for å løyse oppgåva. Som følgje av dårlege vêrforhold eller andre særlege forhold kan det vera aktuelt med supplerande teljingar med snøskuter. Villreinutvalget for Ottadalsområdet er ei samanslutning av jaktrettshavarane i området, og villreinutvalget står for den utøvande forvaltinga av villreinbestanden når det gjeld søknad om kvoter/godkjenning av bestandsplan, utsending av kontrollkort og organisering av jaktoppsynet. Villreinutvalet har såleis eit dokumentert behov for å kunne gjere bruk av motorisert ferdsel i samband med forvaltinga av villreinbestanden. Det blir her også vist til at villreinen er ein viktig del av verneføremålet, og at jakt i verneområda kan utøvast på vanleg måte etter viltlova.

Tabell 1. Vurdering av tiltaket etter miljørettsprinsippa i naturmangfaldlova §§ 8-12

§§	Relevans	Vurdering
8. (kunnskapsgrunnlaget)	Ja	Kunnskapsgrunnlaget er tilstrekkeleg for å behandla søknaden.
9. (føre-var-prinsippet)	Ja	Motorferdsla har eit avgrensa omfang, knytt til eit særleg føremål utan presedens for andre søkjarar eller føremål.
10. (økosystemtilnærming og samla belastning)	Nei	
11. (kostnadene ved miljøforringels skal bæres av tiltakshaver)	Nei	
12. (miljøforsvarlige teknikker og driftsmetoder)	Ja	Motorferdsla vil ikkje gje varige spor, og vil elles ikkje ha vesentlege verknader for naturmiljøet eller verneverdiane.

Konklusjon

Det er grunnlag for å gje Villreinutvalget for Ottadalsområdet dispensasjon for bruk av snøskuter og luftfarty i samband med dyreteljingar.

Arkivsaksnr: 2014/110-0

Sakshandsamar: Trond Stensby

Dato: 09.01.2014

Utval	Utvalssak	Møtedato
Arbeidsutval - Nasjonalparkstyret for Reinheimen	2/2014	13.01.2014

Reinheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Motorferdsel - 2014-2018 - Transport med snøscooter av utstyr, plassering av saltstein m.m. - Lesjaskog beitelag

Forvaltar si innstilling

Med heimel i verneforskrifta for Reinheimen nasjonalpark § 3, pkt 6.3 b) og d) får Lesjaskog beitelag dispensasjon for bruk av snøskuter til transport av ved, material, proviant og saltstein til Asbjørnsdalen og Grøndalen.

Vilkår:

1. Dispensasjonen gjeld for åra 2014, 2015, 2016 og 2017.
2. Transporten skal utførasten innan 20. april kvart år.
3. Det skal nyttast leigekøyrar godkjend av Lesja kommune.
4. Lokalt SNO skal varslast om transporten før den enkelte tur tek til.
5. Det skal førast køyrebok, og kopi av køyreboka skal sendast nasjonalparkstyret innan 5. juni kvart år.
6. Det skal takast spesielt omsyn til villreinen under transporten. Om det er rein i planlagt køyrerute skal man vente til dyra har trekt unna, eller til ein kan køyre rundt dyra i en avstand på minimum 500 m på le side.

Saksopplysningar

Lesjaskog beitelag v. Karl Øygarden har på eige skjema, dagsett 03.01.14, søkt om bruk av snøskuter for transport av ved, material, proviant og saltstein til Asbjørnsdalen og Grøndalen. Det blir søkt om inntil tre turar for åra 2014, 2015, 2016, 2017 og 2018.

Søkjaren har opplyst følgjande om behovet for saltstein:

- Grøndalen : sleppt i overkant av 100 sau og lam, utkjørt 5 stein.
- Asbjørnsdalen : sleppt 270 - 280 sau og lam, utkjørt 10 stein.



Figur 1. Kart over området.

Vurdering

Søknaden gjeld bruk av snøskuter i Reinheimen nasjonalpark. Saka må behandlast etter verneforskrifta for Reinheimen nasjonalpark § 3, pkt. 6.3 b) og e).

I Forvaltingsplan for Reinheimen heiter det på s. 48 heiter det:

«For å sikre fleksibilitet og å unngå unødige behandling av søknader, skal løyve gjevast for ein aktuell periode. Leigekøyrar/transportør skal varsle oppsynet på førehand i forhold til den aktuelle dagen når transporten skal skje for å hindre moglege ulemper for villreinen og for å halde oversikt over motorferdsel i verneområdet. Det skal førast køyrebok som skal sendast forvaltningsstyresmakta innan 5. juni kvart år.

For kjende, faste transportformål kan det gjevast løyve for inntil 5 år med avgrensing i tal på turar/season. Talet på turar skal normalt avgrensast, t.d. slik:

- på vinterføre 1 – 5 turar
- på vatn 1 – 10 turar
- i lufta 1 – 3 turar.

Køyring på snødekt mark skal normalt ikkje skje etter 20. april, ev. 3. påskedag om den er seinare.»

Vidare heiter det i forvaltingsplanen, på s. 49:

«Forvaltningsstyresmakta kan etter søknad gje løyve til transport av saltstein på snødekt mark. Transporten skal skje i regi av beitelag. Løyvet skal avgrensast til eit tidsrom og normalt berre gjelde for eit avgrensa tal turar for det enkelte beitelag. Det

skal nyttast leigekøyrar ved transporten. Det bør vere ein oversikt for utkøyringa av saltstein.»

Lesjaskog beitelag har eit dokumentert behov for motorisert ferdsel.

Det er etablert praksis å kunne gje løyve for berre fire år, og ikkje fem slik det er søkt om.

Tabell 1. Vurdering av tiltaket etter miljørettsprinsippa i naturmangfaldlova §§ 8-12

§§	Relevans	Vurdering
8. (kunnskapsgrunnlaget)	Ja	Verneplan for Reinheimen gjev eit tilstrekkeleg kunnskapsgrunnlag for å vurdere søknaden.
9. (føre-var-prinsippet)	Ja	Motorferdsla har eit avgrensa omfang, knytt til eit særleg behov. Dette vil ikkje gje presedensverknad for andre brukarar eller føremål.
10. (økosystemtilnærming og samla belastning)	Nei	
11. (kostnadene ved miljøforringels skal bæres av tiltakshaver)	Nei	
12. (miljøforsvarlige teknikker og driftsmetoder)	Ja	Snøskuteren vil ikkje etterlate seg varig spor, og bruk av leigekøyrar sikrar ei rasjonell og omsynsfull gjennomføring.

Konklusjon

Det er grunnlag for å gje Lesjaskog beitelag dispensasjon for bruk av snøskuter.

Arkivsaksnr: 2014/141-0

Sakshandsamar: Trond Stensby

Dato: 09.01.2014

Utval	Utvalssak	Møtedato
Arbeidsutval - Nasjonalparkstyret for Reinheimen	3/2014	13.01.2014

Reinheimen nasjonalpark - dispensasjon for bruk av snøskuter til transport av ved og saltstein m.m. til Vålåvatnet - Geir Kornkveen

Forvaltar si innstilling

Med heimel i verneforskrifta for Reinheimen nasjonalpark § 3, pkt 6.3 b) og d) får Geir Kornkveen dispensasjon for bruk av snøskuter til transport av ved, proviant og saltstein til eiga hytte ved Vålåvatnet i Reinheimen nasjonalpark.

Vilkår:

7. Dispensasjonen gjeld for åra 2014, 2015, 2016 og 2017.
8. Transporten skal utførasten innan 20. april kvart år.
9. Det skal nyttast leigekøyrar godkjend av Lesja kommune.
10. Lokalt SNO skal varslast om transporten før den enkelte tur tek til.
11. Det skal førast køyrebok, og kopi av køyreboka skal sendast nasjonalparkstyret innan 5. juni kvart år.
12. Det skal takast spesielt omsyn til villreinen under transporten. Om det er rein i planlagt køyrerute skal man vente til dyra har trekt unna, eller til ein kan køyre rundt dyra i en avstand på minimum 500 m på le side.


Saksopplysningar

Geir Kornkveen har på eige skjema, dagsett 16.12.13, søkt om transport av ved, proviant og saltstein til eiga hytte ved Vålåvatnet i Reinheimen nasjonalpark.

Transporten skal skje frå elgbana ved Lordalsmunningen (utanfor verneområdet) over Tverrfjellet til Vålåvatnet.

Søkjaren har opplyst følgjande om behovet for transporten:

- Ved: 8 sekker
- Proviant: 50 kg.
- Saltstein: 100 kg.



Figur 1. Kart over området.

Vurdering

Søknaden gjeld bruk av snøskuter i Reinheimen nasjonalpark. Saka må behandlast etter verneforskrifta for Reinheimen nasjonalpark § 3, pkt. 6.3 b) og e).

I Forvaltingsplan for Reinheimen heiter det på s. 48 heiter det:

«For å sikre fleksibilitet og å unngå unødig behandling av søknader, skal løyve gjevast for ein aktuell periode. Leigekøyrar/transportør skal varsle oppsynet på førehand i forhold til den aktuelle dagen når transporten skal skje for å hindre moglege ulemper for villreinen og for å halde oversikt over motorferdsel i verneområdet. Det skal førast køyrebok som skal sendast forvaltningsstyrmakta innan 5. juni kvart år.

For kjende, faste transportformål kan det gjevast løyve for inntil 5 år med avgrensing i tal på turar/sesong. Talet på turar skal normalt avgrensast, t.d. slik:

- på vinterføre 1 – 5 turar
- på vatn 1 – 10 turar
- i lufta 1 – 3 turar.

Køyring på snødekt mark skal normalt ikkje skje etter 20. april, ev. 3. påskedag om den er seinare.»

Vidare heiter det i forvaltingsplanen, på s. 49:

«Forvaltningsstyresmakta kan etter søknad gje løyve til transport av saltstein på snødekt mark. Transporten skal skje i regi av beitelag. Løyvet skal avgrensast til eit tidsrom og normalt berre gjelde for eit avgrensa tal turar for det enkelte beitelag. Det skal nyttast leigekøyrar ved transporten. Det bør vere ein oversikt for utkøyringa av saltstein.»

Geir Kornkveen har eit dokumentert behov for motorisert ferdsel.

Det er etablert praksis å kunne gje løyve for berre fire år.

Tabell 1. Vurdering av tiltaket etter miljørettsprinsippa i naturmangfaldlova §§ 8-12

§§	Relevans	Vurdering
8. (kunnskapsgrunnlaget)	Ja	Verneplan for Reinheimen gjev eit tilstrekkeleg kunnskapsgrunnlag for å vurdere søknaden.
9. (føre-var-prinsippet)	Ja	Motorferdsla har eit avgrensa omfang, knytt til eit særleg behov. Dette vil ikkje gje presedensverknad for andre brukarar eller føremål.
10. (økosystemtilnærming og samla belastning)	Nei	
11. (kostnadene ved miljøforringels skal bæres av tiltakshaver)	Nei	
12. (miljøforsvarlige teknikker og driftsmetoder)	Ja	Snøskuteren vil ikkje etterlate seg varig spor, og bruk av leigekøyrar sikrar ei rasjonell og omsynsfull gjennomføring.

Konklusjon

Det er grunnlag for å gje Geir Kornkveen dispensasjon for bruk av snøskuter.

Arkivsaksnr: 2014/142-0

Sakshandsamar: Trond Stensby

Dato: 09.01.2014

Utval	Utvalssak	Møtedato
Arbeidsutval - Nasjonalparkstyret for Reinheimen	4/2014	13.01.2014

Reinheimen nasjonalpark; Lordalen landskapsvernområde - bruk av snøskuter for frakt av ved og saltstein m.m. til Ryggjehøe - Geir Kornkveen

Forvaltar si innstilling

Med heimel i verneforskrifta for Reinheimen nasjonalpark § 3, pkt 6.3 b) og d) får Geir Kornkveen dispensasjon for bruk av snøskuter til transport av ved, proviant og saltstein til eiga hytte ved Ryggjehøe i Lesja sin del av Reinheimen nasjonalpark.

Vilkår:


13. Dispensasjonen gjeld for åra 2014, 2015, 2016 og 2017.
14. Transporten skal utførasten innan 20. april kvart år.
15. Det skal nyttast leigekøyrar godkjend av Lesja kommune.
16. Lokalt SNO skal varslast om transporten før den enkelte tur tek til.
17. Det skal førast køyrebok, og kopi av køyreboka skal sendast nasjonalparkstyret innan 5. juni kvart år.
18. Det skal takast spesielt omsyn til villreinen under transporten. Om det er rein i planlagt køyrerute skal man vente til dyra har trekt unna, eller til ein kan køyre rundt dyra i en avstand på minimum 500 m på le side.

Saksopplysningar

Geir Kornkveen har på eige skjema, dagsett 16.12.13, søkt om transport av ved, proviant og saltstein til eiga hytte ved Ryggjehøe i Lesja sin del av Reinheimen nasjonalpark. Transporten skal skje frå Rusten sæter i Lordalen og opp til hytta.

Søkjaren har opplyst følgjande om behovet for transporten:

- Ved: 8 sekker
- Proviant: 50 kg.
- Saltstein: 100 kg.



Figur 1. Kart over området.

Vurdering

Søknaden gjeld bruk av snøskuter i Reinheimen nasjonalpark. Saka må behandlast etter verneforskrifta for Reinheimen nasjonalpark § 3, pkt. 6.3 b) og e).

I Forvaltingsplan for Reinheimen heiter det på s. 48 heiter det:

«For å sikre fleksibilitet og å unngå unødig behandling av søknader, skal løyve gjevast for ein aktuell periode. Leigekøyrar/transportør skal varsle oppsynet på førehand i forhold til den aktuelle dagen når transporten skal skje for å hindre moglege ulemper for villreinen og for å halde oversikt over motorferdsel i verneområdet. Det skal førast køyrebok som skal sendast forvaltningsstyrmakta innan 5. juni kvart år.

For kjende, faste transportformål kan det gjevast løyve for inntil 5 år med avgrensing i tal på turar/sesong. Talet på turar skal normalt avgrensast, t.d. slik:

- på vinterføre 1 – 5 turar
- på vatn 1 – 10 turar
- i lufta 1 – 3 turar.

Køyring på snødekt mark skal normalt ikkje skje etter 20. april, ev. 3. påskedag om den er seinare.»

Vidare heiter det i forvaltingsplanen, på s. 49:

«Forvaltningsstyresmakta kan etter søknad gje løyve til transport av saltstein på snødekt mark. Transporten skal skje i regi av beitelag. Løyvet skal avgrensast til eit tidsrom og normalt berre gjelde for eit avgrensa tal turar for det enkelte beitelag. Det skal nyttast leigekøyrar ved transporten. Det bør vere ein oversikt for utkøyringa av saltstein.»

Geir Kornkveen har eit dokumentert behov for motorisert ferdsel.

Det er etablert praksis å kunne gje løyve for berre fire år.

Tabell 1. Vurdering av tiltaket etter miljørettsprinsippa i naturmangfaldlova §§ 8-12

§§	Relevans	Vurdering
8. (kunnskapsgrunnlaget)	Ja	Verneplan for Reinheimen gjev eit tilstrekkeleg kunnskapsgrunnlag for å vurdere søknaden.
9. (føre-var-prinsippet)	Ja	Motorferdsla har eit avgrensa omfang, knytt til eit særleg behov. Dette vil ikkje gje presedensverknad for andre brukarar eller føremål.
10. (økosystemtilnærming og samla belastning)	Nei	
11. (kostnadene ved miljøforringels skal bæres av tiltakshaver)	Nei	
12. (miljøforsvarlige teknikker og driftsmetoder)	Ja	Snøskuteren vil ikkje etterlate seg varig spor, og bruk av leigekøyrar sikrar ei rasjonell og omsynsfull gjennomføring.

Konklusjon

Det er grunnlag for å gje Geir Kornkveen dispensasjon for bruk av snøskuter.